

NR. 5

JUNI 1987

20. ÅRG.

Ikkje ein haust - men ein endelaus vår

Av Trygve Bjerkrheim

Herre, ha takk at det lider mot vår, -
dagane lysnar og lengjest.
Soli no seint til sin kvilestad når,
mildver med kulde-drag mengjest.

Herre, hav takk at det siste me får,
me som på Frelsaren vonar,
er ikkje haust, men ein endelaus
vår.

Æveleg lovsong då tonar.

Livsvegen gjeng mot ei solefalls-
stund,
hjarta den voni då hyser:
endelaus vår i ein paradis-lund.
Livssoli æveleg lyser.



AV INNHALDET

Vigsel av fråskilde	s. 9
Med biskop Støylen på tur	s. 3
Konfirmantinnskrivning	s. 7
Misjonærvigsele	s. 3
Om Arna bedehus	s. 12
Nytt frå kyrkjelydane	s. 8

God sommar

1. Pinsedag. Joh. 14. 23-29

DÅ KLASSEN SKULLE TEIKNE PINSE

Av husmor Mari Ekroll.

Det var varm og tung mai-luft i klasserommet. Fredrik sat og togg på blyanten og kom seg ikkje i gang. Dei skulle teikna noko om pinse.



Pinseferien. To «søndagar» etter kvarandre så helga vart ekstra lang. Fredrik kikka over til Frode som heldt på med ei stor campingvogn. Heldiggrisen. Dei skulle vel ut på reise denne pinsa og, dei, fiska og gå i fjellet litt, og...

Men han sjølv? Nei, han skulle berre vera heime, som vanleg. Kom vel til å syke rundt litt i nabolaget... Han fekk teikne det. Han kom ikkje på noko anna.

Dei laga utstilling av teikningane etterpå. Det var mykje pinseliljer og bjørkelauv, nokre hadde teikna hytteliv eller biltur, men teikninga til Anders var annleis enn dei andre. Han hadde teikna fullt av folk og så kom det flammar oppå hovudet deira. Anders hadde lest i Apostelgjerningane i Bibelen. I det andre kapittelet står det noko om det han hadde teikna. Det såg ut som flammar på læresveinane då dei fekk Den Heilage Ande. Det er til minne om den dagen vi feirar pinse.

Før Jesus reiste frå læresveinane, opp til himmelen, lova han å sende Den Heilage Ande for å hjelpe dei. Og plutselig denne dagen høyrde dei ein sterk lyd som av eit uver, og det såg ut som det brann på læresveinane. Samtidig begynte dei å snakke på mange språk. På denne måten viste Gud at han sende Den Heilage Ande.

Vi kan ikkje sjå Den Heilage Ande. Difor er det ikkje alltid så lett å forstå at han er der. Men heilt frå den pinsedagen då Den Heilage Ande kom til læresveinane, kjem han og vil vera hos oss alle som trur på Jesus. Han vil bu hos oss, i tankane våre og gi oss lyst og mot til å fortelja andre kva Jesus har gjort for oss.



Arna
Kyrkjelydsskule

Med biskop Støylen
på tur

Arna kyrkjelydsskule
inviterer til sommartur til

Hosanger kyrkje torsdag 11. juni

Det blir omvisning i den vakre kyrkja, og Biskop Kaare Støylen kåserer om «salmar og salmetonar».

Ferge frå Breistein kl. 18.05 (og 18.35).

Retur frå Valestrand kl. 21.50.

Dei som vil kjøre direkte, kan gjera det. Elles er det greit om vi møter opp ved Indre Arna kyrkje kl. 17.15 og Ytre Arna kyrkje kl. 17.30 for å ordne med plass i bilar. Dei som ikkje har bil sjølve, kan møta desse stadene.

Ta med nistapakke og drikke.

Alle er velkomne!

Kan nokon sy altar- duk til Arna Kyrkje?

Arna sokneråd har fått godkjent mønster til ny altarduk, og stoff har ein pengar til, men er det nokon som kan tenkja seg å gjera syarbeidet? Sokneårdet vil då gjerne vita det. Kontak Liv Minde tlf 24 30 69 eller Dagny Kleppestø tlf. 24 06 65

Orienteringsmøte om kyrkjelydshuset

Arna sokneråd har innkalla til eit ope orienteringsmøte om det nye Kyrkjelydshuset 4. juni. Dette bladet kjem ikkje tidnok ut til å omtala dette møtet nærare. Men då vil pristiilboda vera klare for byggearbeidet på store delar av huset. Med tanke på at huset skal byggjast, er ein såleis no inne i ein viktig fase. Kyrkjelydsbladet vil seinare orientera meir om dette.



MISJONÆR
VIGSLE

I ARNA

Søndag den 23. august vert det misjonærvigsle i Arna Kyrkje. Målfrid Sandvik vert vigsla til misjonær for å gjere teneste i Kamerun.

Vigslinga vert i samband med gudstenesta kl. 11.00. Misjonssekretær Johan Skjortnes ved Misjonsselskapet sitt hovudkontor skal leie vigslingshandling, og han held og preika den dagen.

Etter gudstenesta vert det kyrkje-kaffi for alle interesserte i Arna bedehus. Soknerådet har vendt seg til misjonsforeiningane i Arna for å høyre om dei kan stå for samværet i bedehuset.


Målfrid Sandvik har mange års teneste bak seg i kyrkjelydane i Arna og kjenner seg knytt til kyrkjelydane her. Difor er det ei glede at vi får vere utsendingar når ho har teke imot kallet til å reise ut som misjonær.

KYRKJELYDSTUR

Kyrkjelydsturen er fastsett til søndag 31. august. Komiteen arbeider med planane, men Austevoll har vore nemnt som eit reisemål. Nærare opplysningar kjem seinare i kyrkje- og plakatar, og det vert påmelding til kyrkjekontora som vanleg.

Finn 5 feil

På teikninga til høgre er det fem feil.



Løysing side 14

ASPIRANT- og BARNEKOR

Det vert felles opningsfest for Arna kyrkjens aspirant- og barnekor onsdag 26. august.

Nærmare beskjed om tid og sted vil bli sendt ut.

Nye medlemmar fyller ut kupongen og sender den til Arna kyrkjekor,

v/organisten
Borgstova
5260 Indre Arna

innan 19. august



Med helsing organist Asbjørn Flåm

Namn:

Adresse:

Tlf.:

Skole: Kl.:

Foresattes underskrift

60-års konfirmantar i Ytre Arna



Søndag 31. mai hadde Ytre Arna sokneråd invitert dei som vart konfirmerte i kyrkja 25.9.1927 til gudstenesta. Etter gudstenesta samlast dei til ein enkel middag i Kyrkjelydshuset, og dei var saman i lang tid og utveksla gode minne frå gamal og ny tid.

Det var 12 som vart konfirmerte i kyrkja det året. Nokre av dei er døde no. Berre 2 av dei innbedne kunne ikkje vera med.

På biletet ser vi frå v.: Emma Haukås, Judith Hydle, Olga Hammersland, Berta Rønhovde, Ingeborg Fotland, Gunnvor Mjeldheim, Maria Skreien og res.kap. Harald Sundsbø.


Salmar og songar

Kva salmar og songar er desse strofene henta frå?

1. Han vil oss fremad føre og fri vår fot fra fall.
2. Troens øye ser det: Han gir liv og fred.
3. Intet annet verden bringer håp og trøst som dette ord.
4. Aldri skal du miste motet når i bønn til ham du går.
5. Det er song og evig glede i det blod som rann for oss.
6. Snart er vi fremme og står for tronen, hva gjør det da om solen har oss brent?
7. Før eg låg i synd og våde, tung var all min gang og veg.
8. Himlenes Gud visst ei bebod hus våre hender kan bygge.
9. Han signar dei sollyse sletter og lyser i døds-skuggens dal.
10. La ankeret falle jeg er i havn i ly for brenningens vover.

Svar s. 14

Avslutning på konfirmantåret



Ved 7 gudstenester vart 206 konfirmerte dette året. Dei har alle hatt ei konfirmanttid på 8 månader med ulike samlingar i klassar, grupper, miljøsamvær og gudstenester i denne tida. Hovudvekta i dette er at dei skal verta kjend med kyrkjelyden og kristen tru.

I eit stort oppslag i eit avisintervju i Bygdanytt like før konfirmasjons-gudstenestene, hevda nokre ungdommar som hadde valgt den ordninga Humanetisk Forbund har for borgarleg konfirmasjon, at dei ikkje kunne konfirmera seg i kyrkja, fordi dei ikkje kunne lova noko der. Med all respekt for dei som vel Humanetisk Forbund sitt opplegg, er det likevel grunn til å slå fast at ingen av konfirmantane gjev noko lovnad ved konfirmasjon i kyrkja.

Den avsluttande gudstjenesta er ei forbønshandling der det vert bede for kvar konfirmant. Det skjer i kyrkja ved dåp og ved vigse også. Med grunnlag i at foreldra bar dei til dåpen då dei var små, er konfirmantti-

da ei påminning om det som der hendte, og eit møte med den kyrkje dei er medlemmer av.

Konfirmasjonssøndagane samla også dette året mange til gudstjeneste. Rundt 2600 reknar vi med var i kyrkjene desse dagane.

Dei siste 2 åra har konfirmantane i kyrkjene i Arna hatt 2 alternativ å velja mellom for konfirmanttida si. Den nye ordninga er at konfirmantundervisninga vert samla på fleire leirar og nokre einskildsamlingar utanom dette. Dei som har vore med på dette opplegget, har vore svært godt nøgde med det. Det er difor ei ordning som vil halda fram.

I mange kyrkjelydar opplever ein og at ungdomar som ikkje er døypte, vil verta konfirmerte. For å verta konfirmerte, må ein vera døypt, fordi konfirmasjonen er så sterkt knytta til dåpen. Det hindrar ikkje at dei kan melda seg til konfirmanttida, og i denne tida kan dei verta døypte utan at nokon andre enn foreldre og fadderar får kjennskap til det, om det er eit ynskje frå konfirmanten.

Innskriving for neste år

VELKOMEN TIL NYTT KONFIRMANTÅR.

Tida for innskriving av konfirmantar for neste konfirmantår er fastsett.

I Arna sokn vert det slik:

Lone skule:	tisdag 16. juni
Ådnamarka skule:	tisdag 16. juni
Garnes ungdoms.:	onsdag 17. juni
Ytre Arna sokn:	kyrkjelydshuset tisdag 16. juni

Alle stader møter jenter kl. 18.00 og gutar kl. 19.00. Dei som ikkje er døypte i kyrkjene i Arna, tek med dåpsattest.

Uteaktivitetar i kyrkjelydane



Kyrkjelydsskulen arrangerte natursti i Moldalia på Espeland 23. mai. Der var deltakarar både frå Arna og Ytre Arna kyrkjelydar i mange aldersgrupper. I det fine vårveret var det nok mange som hadde andre ting å gjera, men dei som var saman denne dagen, hadde det fint. Her ser me nokre av deltakarane.

EN SØNDAG MORGEN KLOKKA NI

Den kristne kirke ble grunnlagt klokka ni en søndag morgen ca år 30 etter Kristus. Stedet var Jerusalem, og anledningen var den jødiske pinsedagen.

Jesus hadde bedt disiplene sine vente i Jerusalem til de fikk Den Hellige Ånd. Mens de ba den morgenen, var gaven der, og de talte om Jesus slik at folk fra mange land forsto evangeliet. Den lille kjernen på 120 Kristus-troende ble på noen timer utvidet med 3000 nyomvendte, fordi Ånden overbeviste til tro på Kristus.

Pinsen er kanskje den høytiden som blir lagt minst merke til. Likevel er pinsen kirkens fødselsdag. Uten pinse ville det ikke vært noen kristen kirke.

Bibelen forteller om Den Hellige Ånd også før den første pinsen. Ånden ble rasjonert til spesielle mennesker og til enkelte tider. Men på Pinsedagen kom Den Hellige Ånd for første gang i historien til alle som tror.

Ånden bor i Guds ord og gjør Jesus dyrebare for menneskene. Han vil være med de kristne akkurat som Jesus var med disiplene. Ånden åpenbarer sannheten om Gud. Han utfordrer verden om hva som er rett og galt, og overbeviser mennesker om hvem Gud er og bringer videre den gode nyheten om Kristus. Den Hellige Ånd er livskraften i den kristne kirken. Den skaffer til veie midler som trengs for å tjene Kristus, binder kirken sammen og utrustet dem til å spre evangeliet.

Kirken omfatter alle som tilhører Kristus, både på jorden og i himmelen. Den spenner over mange raser og ulike kulturer. Men troen på Kristus er den samme. Og det er Den Hellige Ånd som skaper denne troen – og gir den som gave til dem som lytter til Guds ord og vil ta imot.

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døyppte

Arna sokn:

- 11.01: Ruben Kengakaran Tunestveit, døyppt i Takvam kapell.
29.03: Ragnhild Erdal, døyppt i Ådland krk.
12.04: Anja Mathiesen, Lene Brandal, Ingvild Marie Aga, Karin Mæland Kvalvåg.
12.04: Inger Bjørke, døyppt i Naustdal krk.
19.04: Jorunn Tvedterås og Dan Henning Liøen Hansen, begge døyppt i Ådland krk.
19.04: Andreas Evensen
26.04: Øyvind Taule, døyppt i Trengereid kapell
26.04: Øyvind Jenssen, Jan Erik Halland Hatlem, Linn Indrehus

Ytre Arna sokn:

- 24.05: Linn Kristin Skare



Vigde

Arna sokn

- 11.04: Ragnar Aabrekk og Kjellaug Tunes
02.05: Øyvind Fossdal og Marianne Soltvedt
02.05: Ronald Larsen og Gunn Kristin Joranger
02.05: Johannes Skaar og Kristin Mjeldheim

Ferie for prestane

Ferien for prestane vert avvikla slik: Sokneprest Øy har ferie 23.6-13.7 og 11.8-17.8. Res.kap Sundsbø har ferie 13.7-10.8. Det meste av tida vil både prestekontora i Ytre og Indre Arna vera opne i kontortidene, men skulle kontoret i Ytre Arna vera stengt ved ferieavviklinga, kan en kontakta sokneprestkontoret i Borgstova.

† Døde

Arna sokn:

- 11.03: Olga Ivarna Ballestad f. 1896
13.03: Frank Haugland f. 1898
20.03: Karl Hauge f. 1893
28.03: Anna Kristine Hauge f. 1904
11.04: Edith W. Erichsen f. 1897
13.04: Svein Simonsen f. 1911
19.04: Endre Gjerard f. 1895
19.04: Helena Mæstad f. 1896
24.04: Emma Lorentse Schei f. 1899
06.05: Asbjørn Gunnarskog f. 1942

Ytre Arna sokn:

- 10.03: Nils Kvamstø f. 1899
12.03: Marie Rønhovde f. 1905, gravlagd frå Arna kyrkje.
13.03: Einar Monrad Larsen f. 1914, gravlagd frå Arna kyrkje.
31.03: Ruth Kvassnes f. 1907.
16.04: Johannes Steinsland f. 1915
06.05: Harald Hansen f. 1941
15.05: Kristian Langeland f. 1916

RETTING

Under oversynet over døde i nr. 4 av kyrkjelydsbladet, var det feil med overskrifter og eit namn var skrive feil i tillegg. Vi seier oss lei for dette og tek difor alt dette med på nytt her.

I oversynet over konfirmantar var det og falle ut at Jan Ståle Olsen var konfirmant i Døvekyrkja i Bergen, 31.5.

Red.nemnda.



Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkjene desse søndagane i juli/auoust.

Arna: 5/7, 19/7, 26/7, 16/8, 30/8.

Ytre Arna: 5/7, 12/7, 19/7, 2/8, 23/8.

Ved dåp i Arna kyrkje bør ein ta kontakt med prestekontoret i god tid, då det ikkje alle søndagar er plass for alle som spør.

Presten har ordet



Harald Sundsbø

Vigsel av fråskilde

Nyleg var det nokon som stod fram anonymt i eit intervju i «Bygdanytt» og gav sokneprest Øy og meg attest for å ha gamaldagse oppfatningar. Det som var grunnlaget for denne attesten, var at vi ikkje vier dei som har vore gift før.

Kva som er gamaldagse oppfatningar, kan nok diskutertast. Men at ein som prest skal fylja alle motedrag i tida for ikkje å vera gamaldags, kan eg ikkje vera samd i. Som prestar er vi forplikta i vårt arbeid på Bibelen og kyrkja si vedkjenning. Skulle vi sjølve til ei kvar tid setja oss til doms over dette grunnlaget, kan vi snart pakka saman som prestar, og kyrkja ville stå att som ein serviceinstitusjon, utan noko grunnlag å stå på.

Når det gjeld den konkrete saka om vigsel av fråskilde, er ikkje det noko enkel sak for meg heller. Om det ville vera lett å vera «moderne» og via alle som spør, trur ikkje eg at alt vert løyst likevel. Det finst døme på at folk synest betre om naboen sin ektefelle enn sin eigen, og om dei då går frå sine ektefeller og kjem til presten og spør om vigsel, vil eg ikkje utan vidare synast at dette var i orden ut frå fleire av dei 10 boda. Dei som sat att, ville vel heller ikkje vera særleg glad for at presten skulle medverka ved det nye ekteskapet, og det som dei opplever som svik frå sin tidlegare ektefelle? Om det er dette som gjev grunn til å hevda at eg har gamaldagse oppfatningar,

kan jo ikkje eg vita, men i så fall trur eg ikkje at eg er åleine om det.

Då er det vanskeleg for meg frå altaret i kyrkja å seia at dei er rette ektefolk i Guds namn.

Dette er sett på spissen, men likevel røyndom i einskilde høve. I dei fleste tilfelle er forhistoria bak skilsmålet og det nye giftarmålet langt meir samansett og uoversiktleg. Det som likevel står fast er at ein har lova livslangt truskap mot eit anna menneske før, og at det 6. bodet seier at ein ikkje skal bryta ekteskapet.

No kan livet gå mangeleis for oss menneske, og Bibelen talar ikkje berre inn i situasjonar for dei som får alt til å gå etter oppskrifta. Der er det og eksempel på dei som mislukkast, og Jesus tala også om situasjonar der det er rett å skilja seg. Men samstundes var han sterkt kritisk til menn som den gongen gav konene sine skilsmålsbrev berre fordi dei likte ei anna kvinne betre.

Når eg som prest møter desse problema i dag, vil ein møta situasjonar der inga sak er lik. Ut frå Bibelen meiner eg det kan vera rett å skilja seg når det er einaste løysing i den situasjonen ein står oppe i. Det er ikkje dermed sagt at det automatisk gjev rett til å gifta seg på nytt. I kyrkja har det i mange hundre år vorte oppfatta slik at ein under visse vilkår kan gifta seg att, men det har det og vore delte meiningar om.

Om her er det vanskane med vigsel av fråskilde startar for meg. Sjølv om eg meiner det kan vera rett i visse høve å gifta seg på nytt, og det finst tilgjeving for dei som mislukkast med sine ekteskap også, kjennest det for meg uråd å skilja mellom dei gongene eg kan seia ja og nei. Då vert eg lett oppfatta som ein domar over dei som vil gifta seg, og ikkje minst over dei tidlegare ektefella dei har lova truskap. I norsk lov er det uttrykkeleg sagt at ingen prest har plikt til å via

Framhald side 9

eit brudepar når den eine er skild frå ein ektefelle som lever. Så lenge eg finn det vanskeleg å medverka ved absolutt alle vigslar av fråskilde, har eg til no valgt å nytta meg av denne retten ekteskapslova gjev meg til å la vera å via fråskilde. Dette er eit spørsmål som har vorte diskutert mykje innanfor kyrkja, og det finst prestar som for sin del har løyst det på andre måtar. Det har eg forståing for, og vi som er prestar i Arna no, har difor vist fråskilde som ynskjer kyrkjeleg vigsel til dei. Då har vigselen vore i kyrkjene her i Arna. Prøving av ekteskapsvilkår vert gjort ved prestekontora her, og vi legg tilhøva til rette for vigselen, og ynskjer folk velkomne til prestekontora til å snakka om dette.

Kvar einskild prest må for Gud og menneske stå for det ein gjer ut frå Bibelen. Så lenge eg ikkje har funne noko løysing for eigen del som eg også finn rett og rettferdig mot alle dei eg kjem i kontakt med, finn eg ikkje å kunna medverka ved vigsel av fråskilde. Det er ikkje for å leggja hindringar i vegen for dei ved giftarmålet. Der må kvar og ein sjølv stå for dei avgjerder ein tek. I tillegg til at eg kan visa vidare til andre prestar, kan også alle verta vigde hjå byfogden. Det ser eg på som ein fullgod vigsel.

Talet på skilsmåla har auka dei siste tiåra, og det ligg mange menneskelagnader for born og vaksne bak desse. Kyrkja har hatt eit engasjement for å verna om ekteskapet og dei lovnader ein der gjev. Det trur eg ikkje er noko gamaldags oppfatning. Ekteskapet som ramme om samliv er etter mitt syn ei god ordning som også har framtida for seg. I andre samanhanger er det jo og slik at det som er gammalt er særst verdfullt å ta vare på, så kanskje ikkje det er så ille å få ord på seg for å ha gamaldagse oppfatningar likevel???

MØTE

Betania, Lone

- 08.06: Møte v/BUF
 13.06: Laurdagssamling kl. 16.00
 14.06: Møte v/NLM
 18.06: Møte v/Indremisjonen
 21.06: Møte v/Santalmisjonen
 23.06: Y-ungdom
 25.06: Nattverdmøte
 27.06: BUF ungdomskveld
 28.06: Møte v/BUF
 05.07: Møte NLM
 12.07: Møte v/Indremisjonen
 19.07: Møte v/BUF
 26.07: Møte NML

Arna bedehus

- 08.06 Møte kl. 19.00
 14.06: Møte v/Nordhordland
 Indremisjon
 6.9: Samlingsfest

Ytre Arna bedehus

- 18.6: Møte kl. 19.30. Besøk av Sandviken indremisjon.

Ferdigmiddag for eldre

Ytre Arna Sanitetsforening har ope for salg av middagar som vanleg kvar tirsdag kl. 10-12 heile sommaren. Det er i Kyrkjelydshuset.

Det vert og levering til dei som bur i Trygdebustadane på Flatane desse dagane.

SOMMARTID ER LEIRTID

Å reisa på leir har mange born opplevd som noko fint. Det er ikkje vanskeleg å få gjort det for born og unge. Ei rekkje tilbod finn vi og her.

Krinskontora for dei kristelege organisasjonane kan gje opplysningar om dette. Har nokon vanskeleg for å finna fram dit, kan Kyrkjekontora også gje hjelp til det.



Nyttig innføring i Bibelen

Bibelaksjonen «bibelen open for alle» går sin gang og på ulike måtar vert folk tilskunda til å gjere seg kjende med Guds ord. Den som får hjelp til å bruke Bibelen, oppdagar at her er mykje å hente både for tru og liv.


I denne samanheng er det naturleg at vi presenterer ei bok som har kome ut på Verbum forlag med tittelen: «Ordet kommer nermere. Innføring i Bibelen.» Boka er skriven av Solfrid Storøy, som er stipendiat ved Norsk Lærarakademi i Bergen. Boka tar opp sentrale spørsmål i tilknytning til Bibelen.

Bibelen har vorte til over lang tid og boka gjev ei god innføring i Bibelen si historie. Vi får kjennskap til overleveringa av dei bibelske tekstane og vi får ei innføring i korleis Bibelen, slik vi kjenner han idag, har fått si form.

Tekstane i Bibelen er ord om er talte inn i bestemte historiske tilhøve. Difor er det viktig å kjenne situasjonen i samtida for å få tak i budskapen i tekstene. Boka gjev innføring i Israels historie og gjev på den måten hjelp til ei betre forståing av budskapen både i GT og NT.

Ein hovuddel i boka er omtalen av dei ulike skriftene i Bibelen. Det er vanskeleg å gje ein kort omtale av alle dei 66 bøkene. Framstillinga er i hovudsak konsentrerte om historiske fakta som er viktige for forståinga av skriftene. Det hadde vore ynskjeleg om denne delen hadde vore noko utvida og i større grad hadde gått innpå innhaldet av dei ulike skriftene.

Nymala kyrkje



Dei som har ferdast ved Ytre Arna kyrkje den siste tida, kan ikkje ha late vera å sjå at der har skjedd noko. Etter mange års venting, vart no heile kyrkja malt utvendig. Her ser me eit bilete frå arbeidet, som vart avslutta i første halvdel av mai. At det trongst gjera noko, kunne alle sjå. Og vi kan no sjå og kor fint resultatet vart.


Siste delen av boka gjev eit godt oversyn over synet på Bibelen etter vår evangelisk-lutherske tradisjon. Her kjem hovudlinjene i Bibelen godt fram og vi får ei innføring i spørsmål om Bibelen som Guds ord og menneskeord.

Boka eignar seg godt for arbeid i bibelgrupper og bak i boka er det ein studieplan som er godkjent av Norsk kristeleg studieråd.

Solfrid Storøy
ORDET KOMMER NERMERE
 Innføring i Bibelen.
 Verbum forlag 1986.

Øyvind Øy

Mykje aktivitet i Arna Bedehus



Arna Bedehus vart vigsla i 1975 og eigaren er Indre Arna Indremisjon.

Vi har teke ein prat med Per Eide som gjekk av som formann i vinter, etter 3 år i denne oppgåva. Han har også tidlegare sete som formann i 3 år, som er det lengste ein kan sitja samanhengande etter lova.

Først spør vi Per Eide om korleis han ser på akkurat dette med at formannen skal veljast kvart år, men at han ikkje kan ha lenger arbeidsperiode enn 3 år om gongen. Han meiner at det kan ha fleire fordelar. Det kan m.a. vera lettare å få formannskandidater, fordi dei veit at dei i alle fall får avløyning etter 3 år om ikkje før. Å vera formann er ansvarsfullt og tidkrevjande, og sjølv om det gjev riksigning frå Gud, er det godt å få avløyning etter ein arbeidsperiode. Når det gjeld å få kontinuitet i arbeidet, kan 3 år synast noko kort. Men tross alt har ein eit styre som arbeider vidare, og som oftast arbeider den nye formannen etter same line som den som slutta. Difor ser Per Eide ikkje på eit formannsskifte som noko stor omveltning i arbeidet.

Så litt om arbeidet som vert dreve i Arna Bedehus, med unnatak av

sumarferien. Kvar måndag kl. 17 har Indre Arna Barnerøster øving, med andakt, aktiviteter og sjølvstund mykje song. Seinare, same dag, har «Indre Arna Musikklag» øving kl. 19.30. Då samlast vaksne kvinner og menn til kristent fellesskap med hovedvekt på song og musikk.

Tysdagen vert det dreve arbeid for skuleborna. Først er det Yngstesmøte kl. 18.00, med svært variert program. Dette tilbudet er for dei som går i 1.-5. klasse. For dei som går i 6. klasse og oppover, er det Yngresmøte kl. 19.15.

Elles har vi faste møter torsdag og sundag, og eldretreff ein gong i mnd. Vi har også møteveker vår og haust, og leiger elles huset ut til ymse møter og lag, og også til møteveker for andre misjonsorganisasjoner. Når det gjeld dei faste møtene våre, har vi ein stødig og trufast flokk som ser verdien i det frie organisasjonsarbeidet, og som støtter opp om dette.

Eg kan også nemna at vi har ein vaktmeister (pensjonist) som steller godt med huset vårt, og har ansvar for oppvarming og reinhald.

Arna Kyrkjelyd leiger heile kjellar- etg. til dagheimen sin, og det leigeforholdet har fungert svært fint.

Eit frimodig folk

— Eit frimodig folk!? Vi kan setje både ropeteikn og spørjeteikn etter ei slik setning. Som kristne har vi grunn til å vere frimodige, men er vi det?

Ofte blir det sagt at det er lettare å vere frimodig når vi taler andre si sak. Er det ikkje nettopp det vi gjer som kristne? Vi taler ikkje for oss sjølve, men for Jesus. Det er han vi skal fortelje om, ikkje våre meir eller mindre gode opplevingar og gjerningar. Har vi ikkje da grunn til å vere frimodige?

Eigentleg er det ingen andre som har større grunn til å vere frimodige enn vi som kallar oss kristne. Vi har høyrte og lese ein bodskap om tilgjeving. Dette har skapt ei tru i våre liv om at det var for oss Jesus døde og stod opp att. Det var våre synder han sona på Golgata. Vi slepp straffa, vi er fri.

Denne bodskapen om tilgjeving og fridom gjeld også våre medmenneske. Jesus har bede oss om å fortelje det — for han. Difor kan vi vere frimodige og ropa ut: Du er tilgjeven — du kan bli fri!

Vi ber til slutt Per Eide om å seia noko personleg om arbeidet:

«Eg ser stor verdi i det frie organisasjonsarbeidet. Det er ein arv frå fedrene våre som vi må føra vidare. Vi legg stor vekt på å samle Guds folk både reint sosialt, og åndeleg. Det viktigaste er det åndelege samfunnet der vi kan dela Guds ord, og be med og for kvarandre.

Vekkjing har vore med og gjeve liv til organisasjonsarbeidet, og utan den kan dette arbeidet stivna til. Vi ynskjer å nå dei mange i nærmiljøet vårt som enno ikkje har teke imot Guds ord til frelse.

Å stå i tenesta er krevjande, men vel verd å satse tid og krefter på.»

Nils Kvamstø til minne

Ein god og trugen tenar, tidlegare lærar og klokkar i Ytre Arna, Nils Kvamstø, døydde 10/3, 87 år gamal.

Her i Kyrkjelydsbladet finn vi grunn til å minnast han for den uvanleg lange og trufaste tenesta som klokkar i Ytre Arna kyrkje. Han tok til i stillinga i 1938 og heldt fram samanhengande i 35 år til 1973.

Under skiftande prestar og til skiftande tider, var Nils Kvamstø den faste tenaren i kyrkja. Og det var ei teneste han sjølv sette høgt. Difor gjekk han inn i dette arbeidet fullt og heilt, og i desse åra var det nok mange gonger han måtte vera på plass medan andre hadde fri.

Likevel var det ei oppgåve han gjorde med glede og respekt for dei verdier kyrkja forvalta. Som for så mange andre klokkarar i den tida, kom klokkestillinga i tillegg til læraryrket.

Minnest etter Nils Kvamstø vil nok leva vidare for folket i Ytre Arna på fleire felt, men den samvitsfulle tenesta i kyrkja vil nok verta ståande lenge.

Ferieopphald for eldre

Kyrkjelydsbladet har fått tilsendt ei rekkje brosjyrar om ferieopphald for eldre. Desse viser at dei kristelege organisasjonane har eit omfattande tilbud og det vil vera uråd å nemna alt her. Det er leirstader, bibelskule, og folkehøgskular som vert nytta, og nokre har og tilhøva lagt godt til rette for rørslehemma.

Vil ein vita meir om dette kan ein ta kontakt med krinskontora for dei kristelege organisasjonane som Misjonsselskapet, Santalmisjonen, og Bibelskulen på Bildøy, for å nemna nokre.



Ofringane i kyrkjelydane

Arna sokn:

05.04:	Blå kors	Kr. 1.738,-
12.04:	Bevegelsen for livsrett og menneskeverd	2.092,-
16.04:	Kyrkjelydsarb.	1.493,-
19.04:	Den norske sjømannsmisjon	2.942,-
20.04:	Bergen Stiftssenter	603,-
26.04:	Kyrkjelydshuset	1.698,-
03.05:	Kyrkjelydsarbeidet	7.315,-
10.05:	Kyrkjelydsarbeidet	5.534,-

Ytre Arna sokn:

05.04:	Kristent arbeid blant blinde	Kr. 468,-
16.04:	Israelsmisjonen	498,-
19.04:	Den norske sjømannsmisjon	1.680,-
26.04:	Israelsmisjonen	737,-
01.05:	Kristne arbeideres forb.	469,-
03.05:	Kyrkjelydsarbeidet	4.344,-

Trengereid

22.03:	Israelsmisjonen	700,-
19.04:	Santalmisjonen	892,-
26.04:	Kyrkjelydsarbeidet	1.256,-
17.05:	Arna søndagsskulelag	965,-

Løysing på oppgåva
side 4



Svar på oppgåve side 5

1. Bli med, bli med til livet!
2. Deg være ære.
3. Navnet Jesus blekner aldri
4. Hvilken venn du har i Jesus
5. Å, kor djup er Herrens nåde.
6. Å, at jeg kunne min Jesus prise.
7. Kven kan seia ut den glede.
8. Kirken den er et gammelt hus.
9. Han tek ikkje glansen av livet.
10. Jeg er en seiler på livets hav.

St. Hans ved Osevatn

Junior Ving/Unneland og Betania, Yngres og Y-ungdom innbyr også dette året til St. Hans-feiring ved Osevatn. Samlinga tek til kl. 19.30 og det vert andakt, song, og leikar for born og vaksne. Bål høyrer og med, og det vert sal av brus, pølser, kaffi m.m.

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

**a.s. Sarepta**
5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50
**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50
Alltid til tjeneste

**Kranser
Bårebuketter
Espeland Gartneri**
5230 ESPELAND, tlf. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866
SPAREBANKEN
**VEST**
AVDELING ARNA
— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har lavaste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S
Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

**VESTLANDSBANKEN**
Banken i Arna — for Arna-
folk, der alle kundar, store
som små, er hjarteleg
velkomne.
VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

**ESPELAND
BEGRAVELSESBYRÅ**
Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser
ordnes. Transport med egen
bil. Annonser, sanger, sløy-
fer. Monumenter besørjes
oppsett.

**DU KAN LEIE
HENGERE
HOS OSS!**

Vi har hengere for
**Bil-båt og
varetransport**

**NOROL**

**ARNATVEIT
AUTO SENTER**

Tlf. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen
ved J. B. Myklestad.

Velkommen til kyrkje

- Juni 07.** Arna kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste v/Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.
Ytre Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.
Tren gereid kl. 18.00. Høgtidsgudsteneste v/Res.kap. Sundsbø.
- Juni 08.** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Norsk Diakonihøgsskule. Sundagsskule.
- Juni 14.** Arna kl. 11.00 Familiegudsteneste v/Sokneprest Øy. Arna Kyrkjens aspirant- og barnekor. Takkoffer til Kristent arbeid blant blinde.
Ytre Arna kl. 11.00. Forstandar Audun Tang. Takkoffer til Bjørgvin bisped.råd.
- Juni 21.** Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
Ytre Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Misjon bak jernteppet.
- Juni 28.** Arna kl. 11.00 Høgmesse. Takkoffer til den norske Tibetmisjon.
Tren gereid kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- Juli 05.** Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø.
Ytre Arna kl. 11.00 Prost K. Stormark.
- Juli 12.** Arna kl. 11.00 Døveprest Asgeir Straume. Nattverd.
Ytre Arna kl. 11.00 Res.Kap. Sundsbø. Nattverd.
- Juli 19:** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy.
Ytre Arna kl. 11.00 Stiftskap. Molde.
- Juli 26.** Arna kl. 11.00 Forstandar Audun Tang.
Tren gereid kl. 11.00 Sokneprest Øy.
- Aug 02:** Arna kl. 11.00 Nattverd. prost Konrad Stormark.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd.
- Aug 09.** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd.
Ytre Arna kl. 11.00 Sigv. Storheim.
- Aug. 16:** Arna kl. 11.00 Misjonsprest Tor Dag Kjosavik..
Tren gereid kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø.
- Aug 23.** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Misjonær viglsle.
Ytre Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø.
- Aug. 30.** Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy.
- Sept. 06.** Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Konfirmantpresentasjon.
Ytre Arna kl. 11.00 Søkne prest Øy. Nattverd.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.
Kyrjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebensv.39: Tlf.24 85 46.
Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.
Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Ingvar Hageberg, Laila Ueland.
Forretningsfører: Biørg Hellesø.
Bladpengar: kr. 30,-. adr: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff til nr. 6, 10. august.